

Rotary i Volda og Ørsta med ope møte:

# Set fokus på samferdsle

**Tysdag i neste veke skal det bli gitt svar på ein del uavklarte spørsmål om mellom anna Voldatunnelen og bompengar.**

**- Det verkar som dei lokale ønskja er annleis enn verkelegheita, seier Geir Høydalsvik.**

Det er Volda Rotaryklubb og Ørsta Rotaryklubb som har gått saman om eit ope møte i Aasentunet der tema er: "Kvivsvegen – ein bremsekloss for Ørsta og Volda?" Dei to karane, Per Svein Krøvel i Volda Rotaryklubb og Geir Høydalsvik i Ørsta, innrømmer at dei har vore provoserande i temautforminga, men peikar på at lokalt har det vore mykje diskusjon om Voldatunnel som er ei forlenging av Kvivsvegsambandet og skal føre stamvegtrafikken ut om Volda sentrum. Storleik på avgifta, plassering av bomstasjon og om prosjektet kan la seg realisere utan bompengar, det vil seie å sjå på prosjektet som ei naturleg forlenging av Kvivsvegen, er interessante tema.

## Utfordringar etter at Kviven opnar

Bakgrunnen for arrangementet er

endringa i trafikkmønsteret som er venta etter opning av Kvivsvegen i september 2012, og dei utfordringane det er venta at dette vil medføre for Volda sentrum.

I tillegg til at sentrale politikarar i Volda og Ørsta deltek vil Statens vegvesen Region midt delta og orientere om statens bompengepolicy, utvikling av E39 og gjennomføring av eventuell bypakke i Volda-Ørsta.

– Hovudtema på møtet vil vere Voldatunnelen, og kva som er realistisk i forhold til igangsetjing. Her er spørsmålet om bompengar, og kva dette vil bety for bilistane spesielt interessant, seier Krøvel og Høydalsvik.

Av andre aktuelle tema som kan bli diskutert kan nemnast: Plassering av E39, Gang- og sykkelveg Rjånes – Rotset? Og miljøgate i Volda og Ørsta sentrum?

Krøvel og Høydalsvik peikar også på alle punkta som må utbetrast og nemner kryssinga av Øyraelva på vinterstid som eit døme. - Kva når alle vogntoga slakkar heilt ned for å svinge inn på brua og så skal dei opp Elvadalen på snøføre og dårlege dekk, seier dei og tenkjer på at det er lett at dei digre bilane kjem til å spinne seg fast på glatta. Endå verre vert det om dei glir bakover og tek med seg andre bilar!



*\* Vegen gjennom Volda sentrum og ikkje minst punktet over Øyraelva og vidare oppover Elvadalen vert utfordrande når E39 skal gå gjennom Volda sentrum. Kva Statens vegvesen vil gjere her og kor mykje Volda kommune må vere med på å betale av det er ting som vil bli stilt spørsmål om under det opne møtet neste tysdag. Fv: Per Svein Krøvel og Geir Høydalsvik.*

Det vert også innlegg frå ordføraren i Volda og ordføraren i Ørsta, og sjølv sagt god tid til debatt og spørsmålsstilling.

## Berre møtearrangør

Når det gjeld rotaryklubbane i dei

to nabokommunane, så presiserer Krøvel og Høydalsvik at det er ulike oppfatningar om temaet mellom medlemmene og at klubbane ikkje gjer dette for å fremje eit felles syn. – Vi som klubb skal ikkje ha meining om

dette. Dette er ei sak som opptek bygdefolket og vi håper på å få avklaring på ein del ting under møtet, seier Krøvel.

✉ TORE AARFLOT